


PLAN FOR SAMARBEIDET MELLOM HEIMANE OG ÅMÅS FRISKULE



OVERORDNA MÅL FOR SAMARBEIDET:

*"Opplæringa skal skje i samarbeid og forståing med heimen, og samarbeidet skal vere med på å styrke elevane si læring og utvikling".
(LK-20)*

OBS! To ganske klare ytterpunkt her, men likevel ei viss bevisstgjering i høve kva ”samarbeidslinje” vi vil legge oss på...



Trur vi alle ganske lett kan semjast om at vi ikkje vil ha det verken *slik* eller *slik*, men å finne ei samarbeidsform som fungerer optimalt, er ikkje alltid like enkelt. Vi håper at denne planen vil gje oss ein felles ståstad, og gjere oss betre rusta til det utruleg viktige arbeidet heim og skule har til felles; nemleg oppseding og opplæringa til eleven.

Det er foreldra som har hovudansvaret for oppseding og opplæring (Barnelova § 30), men samarbeidet heim – skule er lovfesta.

I Opplæringslova § 1-3 (føremålsparagrafen) heiter det m.a. slik (rev.-24): ”Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida, og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane I læreplanverket (LK-20), vert samarbeidet utdjupa og konkretisert, og der står det m.a. slik: ”Skulen har det overordna ansvaret for å ta initiativet til og leggje til rette for samarbeid”.

PLAN FOR HEIM/SKULESAMARBEIDET

VED ÅMÅS FRISKULE

Skulen vår er ein friskule der foreldra er eigarar og drivrar. Difor må samarbeidet med heimane ha høg prioritet. Både dei tilsette og dei føresette har behov for å ha oversikt og informasjon om innhaldet i samarbeidet og korleis det skal organiserast. Denne planen er meint å vere ein reiskap til hjelp både for dei tilsette og heimane i samarbeidet om å skape ein best mogleg skule for borna.

Kontakten med heimane skal vere regelfast, og skulen må leggje til rette for at dei føresette og elevane sjølve får høve til å vurdere skuletilbodet ved Åmås Friskule

INNKALLING TIL MØTE – MELDING / TILBAKEMELDING FRÅ HEIMANE

Det skal sendast ut skriftleg innkalling i god tid, minimum 1 veke i førevegen. På innkallinga skal det vere plass for tilbakemelding frå heimen om emne/saker dei ønskjer å ta opp på møtet. Dette gjeld både fellesmøta, klasseforeldremøta, møta i FAU og utviklingssamtalane.

MØTE KNYTT TIL KLASSA

Klasseforeldremøte

Det skal haldast minimum eitt klasseforeldremøte i året, dette må vere i starten av skuleåret.

Rektor held eit informasjonsmøte med foreldra til 1.klassingane i samband med forskuledagar om våren, og ev. også første dagen om hausten.

Utviklingssamtalar med heimane

Dei føresette vert kalla inn til samtale med kontaktlærar haust og vår. Det vert sendt ut samtaleark saman med innkallinga, og ein vil at elevar og føresette skal setje av god tid til samtale om spørsmåla på dette arket. Svara bør vere med å danne grunnlag for samtalen.

Eleven skal vere med på desse utviklingssamtalane, og saman skal ein skriftleg formulere utviklingsmål for eleven.

Dersom eleven har hatt større prøver, lesetestar, nasjonale testar m.m. før konferansemøtet, skal dei føresette få informasjon om resultatet.

Elles tek sjølvsgått både heim og skule kontakt ved behov, og både sms og e-post bør nyttast i denne kontakta.

Terskelen for å ta kontakt bør vere lav hjå begge partar. Det treng ikkje å vere berre store problem ein vil ta opp, det kan like gjerne vere ”småting” ein vil informere kvarandre om.

Elevsamtaalar

Kontaktlærar har samtalar med kvar elev i forkant av utviklingssamtalen. Dersom det er særskilde tilhøve læraren vil ta opp under møtet, skal ho/han informere eleven om dette på førehand, slik at ho/han er budd på det og får kome med sine synspunkt. Kontaktlærar bør skrive notat både under elevsamtaalen og utviklingssamtalen. Særskilt gjeld dette emne som skal følgjast opp både frå skulen og heimen etterpå. Notatane skal lagrast i elevmappa og følgjast opp på neste møte.

Kontaktlærar avgjer om elevane på 5.- 7.årstrinn skal få eit eige vurderingsskjema som dei svarer på før elevsamtaalen.

VURDERINGSMAPPE

Kontaktlæraren har ein eigen perm med vurderingsmappe for kvar elev. Mappa skal innehalde samtaleark, ev. vurderingsskjema frå heimane/elevane, notat frå elev- og utviklingssamtalar, avtalar som ein skal følgje opp, resultat frå testar, prøver og anna som dokumenterer utviklinga til eleven.

INFORMASJON TIL HEIMANE

Samla naudsnyt informasjon går til heimane ved skulestart om hausten. Rektor er ansvarleg for å sende ut informasjonen. Informasjonen vert lagt ut på heimesida til skulen: www.amas.pedit.no

MØTE FOR ALLE FORELDRA

I FOREDLRERÅDET – FORELDREFOREININGA

Rektor kallar inn til møte. Rektor og personalet kjem med framlegg til tema/saker som er aktuelle å legge fram for/drøfte med dei føresette. Styret/FAU kan også kome med framlegg til kva saker som skal takast opp på møtet.

Det bør minimum vere eitt fellesmøte i foreldrerådet tidleg om hausten i tillegg til årsmøtet som vert avvikla i mars. Fleire møte kan avviklast etter behov, og etter ynskje frå både tilsette og føresette. Ofte kan det vere inspirerande å få folk utanfrå til å halde foredrag eller innleiing til samtale etterpå.

Val av klassekontakt og FAU skal gjerast på foreldrerådsmøtet om hausten. Dei som skal veljast må vere spurde på førehand.

FAU

FAU er ved ÅF samansett av klassekontaktene i kvar klasse, og har såleis 7 medlemer. FAU har minimum 2 møter pr. skuleår, og rektor har ansvaret for å opprette kontakta og kalle inn til 1.møte. Deretter er det like mykje FAU som har ansvaret for at samarbeidet held fram og utviklast vidare.

FAU er foreldrerådet sitt arbeidsutval, og skal:

- + Fremje felles interesser for foreldra
- + Medverke til at foreldra tek aktivt del i arbeidet med å skape eit godt skolemiljø (jmf.SMU)
- + Medverke til godt samarbeid mellom heim og skule
- + Legge til rette for positiv utvikling hos elevane
- + Vere pådrivar for å skape kontakt mellom skulen og nærmiljøet

Sjå gjerne Foreldrerådet for grunnskulen sine nettsider: www.fug.no,

SKULEMILJØUTVALET

Skulemiljøutvalet skal iflg. Privatskulelova vere slik samansett:

§ 5A-5. Organisering av skoledemokratiet

Kvar grunnskole og vidaregåande skole skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Kvar grunnskole skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skolen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar. Skolens styre skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolane skal ha.

Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskolar, og elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skolar.

Ved Åmås Friskule er SMU samansett av alle i FAU :7 føresette og alle i styret (*i staden for komm.): 4 føresette - som foreldrerepresentantar, heile elevrådet som elevrepresentantar, og rektor+ ATV som repr. for skulen. Dette utvalet er ein viktig felles arena for skulen og foreldra, og har 2 møte pr.skuleår. Om hausten med hovudvekt på det sosiale miljøet der vi tek utg.punkt i resultatet av skulemiljøundersøkinga (Spekter) som alle elevane tek kvar haust, og om våren med hovudvekt på det fysiske miljøet og kva tiltak som bør iverksetjast både inne og ute.

RETTAR OG PLIKTER

Dei føresette har både rettar og plikter når det gjeld skulen og opplæringa. Skulen skal rekne med at foreldra engasjerer seg, og foreldra skal gå utifrå at skulen legg til rette for samarbeid.

Alle partar må kjenne ansvaret sitt; både rettar og plikter.

Foreldra skal gå utifrå at:

- ✚ Skulen legg til rette for reell foreldremedverknad
- ✚ Skulen ser på foreldra som likeverdige partar i samarbeidet
- ✚ Skulen informerer om verksemda si, og rettane til foreldra og elevane
- ✚ Elevane lærer det dei skal i samsvar med læreplan, lov og føreskrift
- ✚ Elevane får opplæring som er tilpassa evnene og føresetnadane til kvar enkelt
- ✚ Elevar som har behov for det, får spesialundervisning
- ✚ Skulen arbeidar for eit godt læringsmiljø, fritt for mobbing
- ✚ Skulen opplyser om kva dokumentasjon om elevane skulen tek vare på
- ✚ Skulen gjev informasjon om klageretten til foreldra

Foreldra har òg plikter, og skulen skal rekne med at foreldra:

- ✚ Engasjerer seg og syner interesse for læringa til borna, og held seg informert om det som skjer på skulen (jmf. info på vekeplan)
- ✚ Ser til at borna møter budde og utkvilte på skulen, med eigna nistepakke, utstyr og klede
- ✚ Er aktive i heim – skule samarbeidet; møter (el. melder forfall) til innkalla møter og tek del i fellesarrangement og dugnad
- ✚ Medverkar aktivt i rådsorgana på skulen
- ✚ Arbeidar for eit godt læringsmiljø fritt for mobbing
- ✚ Er aktivt med i skulevurdering og utvikling av skulen

-  Held skulen informert og gjev skulen råd
-  Vender seg til skulen dersom det er noko dei lurer på eller er usamde i

RUTINAR OG TILTAK VED EV. USEMJE/KONFLIKT MELLOM HEIM – SKULE.

Dersom det skulle oppstå usemje/konflikt mellom heim –skule, vil vi handtere og førebyggje dette slik:

-  Konflikta skal løysast på så lavt nivå som mogleg
-  Alle føresette bør ta direkte kontakt med skulen dersom det oppstår problem – snakk *med* lærarane i staden for *om* dei!
-  Føresette som er misnøgde med noko i skulen, må verte tekne på alvor
-  Når skulen tek kontakt med heimen, må heimen ta det på alvor
-  Elevar skal ikkje blandast inn i konflikter mellom skule og heim
-  All kontakt skal vere ryddig, høfleg og sakleg, sjølv om usemja er stor
-  Dersom det ikkje er mogleg å finne gode løysingar på konflikta, må saka lyftast til høgare nivå (rektor, styre)
-  Det må skrivast referat frå møte, spesielt der det er usemje mellom heim og skule, og slike møtereferat skal daterast og underskrivast av partane

Planen er lagt fram og godkjent på fellesmøte for føresette 4.sept.-24, og skal rullerast kvart år.

Planen skal gjerast kjend for alle føresette. Dette vert gjort ved at den vert lagt ut på Pedit.


Åmås, hausten-24,

Solgun Nedreberg
-rektor

Lovise Åm
-leiar FAU

Ann-Christin Grotle
-styreleiar

Ta kontakt med skulen på tlf. 700 60003/47656407 SFO: 94807881
Mob.rektor: 97082963
e-post: aamaas.friskule@tussa.com



Kjære forelder

Du er den første og viktigaste læraren til barnet ditt!

...
Er du engasjert, gjer barnet ditt det betre på skulen.

...
Engasjementet ditt er like viktig på ungdomsskulen som i barneskulen.

...
Diskuter med barnet, det stimulerer tankane og utviklinga hans/hennar.

...
Det er viktig at du er med og vurderer arbeidet til barnet.

...
Når du bryr deg, blir barnet meir motivert og trivst betre på skulen.

...
Trua di på eiga rolle og på at du kan vere med og påverke, er viktig
for barnet ditt.

...
Har du eit godt forhold til skulen, påverkar det resultata til barnet.

...
At du kjenner dei andre foreldra, fører til betre samarbeid
og oppfølging.

...
Foreldra er ein viktig ressurs for skulegangen til barna!

Helsing Foreldreutvalet for grunnopplæringa



www.fug.no